



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Mads Løkeland-Stai

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/5705-2

16. november 2020

Svar på spørsmål om ungdomsråd

Vi viser til brevet ditt til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet 28. oktober d.å., som 29. oktober blei sendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Vi kan ikkje ta stilling til den konkrete saka du viser til, men vi kan gje deg generell informasjon om reglane i kommunelova.

Du viser til at ein kommune ikkje har vald ungdomsråd etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019. Ein ungdom som ønska å stille som kandidat, har i mellomtida blitt over 19 år og er dermed ikkje lengre valbar.

Av kommunelova § 5-12 første ledd går det fram at: *Kommunestyret og fylkestinget skal selv velge et elderåd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom.* Alle kommunar skal dermed ha eit ungdomsråd eller eit anna medverknadsorgan for ungdom, som skal ha en valperiode på inntil to år. Denne paragrafen i kommunelova trätte i kraft hausten 2019 frå og med det konstituerande møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valperioden 2019–2023.

Etter kommunelova § 5-2 går det fram at ungdomsrådet er eit anna kommunalt organ, og at ungdomsrådet skal opprettast etter krava i kommunelova. Det går vidare fram at: *For øvrig gjelder de samme bestemmelsene som for folkevalgte organer etter § 5-1.*

Kommunelova § 7-1 regulerer når ulike organ skal tre i funksjon etter kommune- og fylkestingsvalet. Kommunestyre, fylkesting, formannskap, fylkesutval og kontrollutval trer i funksjon frå det konstituerande møtet. Andre folkevalde organ, ordførar og varaordførar trer i funksjon straks de er vald. For dei folkevalde organa der medlemmane ikkje blir vald i det

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Kristin Bjarke
Pettersen
22 24 72 45

konstituerande møtet, utvidast funksjonstida til dei sitjande medlemmene til det er heldt nyval, men ikkje lenger enn til første årsskifte i den nye valperioden. Det same vil også gjelde for andre kommunale organ, inkludert ungdomsråd. Før ny kommunelov trådde i kraft, var det ikkje krav om at kommunane skulle ha ungdomsråd. Departementet har likevel lagt til grunn at ny kommunelov innebar plikt for kommunane til å også velje eit ungdomsråd innan årskiftet 2019/2020.

I kommunelova § 5-12 er det gitt ei øvre aldersgrense for å kunne veljast til ungdomsrådet, medlemmene i ungdomsrådet skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år. Det er i loven ikkje gitt reglar om unntak frå denne øvre aldersgrensa. Det er kommunestyret som sjølv skal velje medlemmene til ungdomsrådet, jamfør kommunelova § 5-12. Kommunestyret vel også samansetninga av rådet og kor mange medlemmer rådet skal ha, jamfør forskrift om medvirkningsordningar § 2. Organisasjonar som representerer ungdom har rett til å fremme forslag om medlemmer til ungdomsrådet, dette går også fram av forskriften § 2. Ein person som ønsker å bli vald til ungdomsrådet, må difor bli vald av kommunestyret. Personen har ingen garanti om å bli vald før kommunestyret har fatta vedtak om kven som skal sitte i rådet.

Med helsing

Ragnhild Spigseth (e.f.)
kst. avdelingsdirektør

Kristin Bjarke Pettersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Barne- ungdoms- og familiedirektoratet